



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Komite for Helse og omsorg
Stad:	Herøy helsesenter,
Dato:	19.03.2015
Tid:	14:00 – 17:30

Medlemer som møtte:

Fred Hansen	Leder	H
Hege Nedreberg Vestavik	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP
Ole Brubakk	Medlem	KRF
Janita Iren Westbø Remøy	Nestleder	AP

Forfall:

Knut Tandberg	MEDL	H
Kaja Runde	MEDL	FOLK/SP

Varamedlemer som møtte:

Sigurd Voldsund Nygard	Knut Tandberg	H
Helge Håberg	Kaja Runde	KRF

Andre:

Inger Marie Tofthagen, leiar avd. barn, familie og helse
Lilly Åse Skogen, barnevern
Grete Klungsør, barnevern
Robert Myklebust, eigedomsleiar
Renathe Rossi-Kaldhol, leiar bu-hab.

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vert valde:
Hege Nedreberg Vestavik og Sigurd Voldsund Nygard

Det vart orientert om:

- Barnevern i kommunen v/Lilly Åse Skogen, Grete Klungsør og Inger Marie Tofthagen.
- Investerings- og utviklingsplan for kommunale bygg 2015-2020 v/eigedomsleiar Robert Myklebust. Førrebels utkast til plan vart utdelt.
- Herøy Ressurscenter – programfast – førrebels utkast til byggeprogram v/eigedomsleiar Robert Myklebust. Det var synfaring i området. Råd for funksjonshemma var også med på synfaringa.

- På anonymt grunnlag vart det orientert om ei sak som kan få allmenn interesse.

Desse orienteringssakene vart utsett til ekstraordinært arbeidsmøte 09.04.2015 kl. 12:00 – 16:00 på møterom pleie- og omsorgsavdelinga:

- Presentasjon av potensiale for vidare utvikling av dagens sjukeheimsområde
- Evaluering og oppsummering av ekskursjon til Ålesund kommune.

underskrifter

Hege Nedreberg Vestavik

Fred Hansen
leiar

Sigurd Voldsund Nygard

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 3/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 4/15	Protokoll frå førre møte
PS 5/15	Referatsaker
PS 6/15	Tertialrapport per 01.01.2015.
PS 7/15	Mission Possible 2015 - betre samordning av tenester for barn i risiko på Sunnmøre - vidareføring av partnerskapet
	Referatsaker
RS 1/15	F-sak 43/15. Særutskrift - Utlysing av stilling for avdelingsleiar ved Myrvåg omsorgssenter
RS 2/15	Detaljreguleringsplan for deler av sjukeheimsområdet - Varsel om oppstart av planarbeid

Orientering/drøfting:

- Investerings- og utviklingsplan for kommunale bygg 2015 - 2020.
- Presentasjon av potensiale for vidare utvikling av dagens sjukeheimsområde.
- Evaluering og oppsummering av ekskursjon til Ålesund kommune.
- Herøy ressurscenter – programfase – førebels utkast til byggeprogram.
Det er eit ynskje om å gi ei orientering på tomte, ved Herøy Produksjon, om dei førebelse tankane og særskilte utfordringar knytt til prosjektet.

PS 3/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Møtebehandling:

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

PS 4/15 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

Møtebehandling:

Protokoll frå førre møte låg føre.

Brev om pasienttransport til og frå legekontora vart etterlyst.
Brev er under utarbeiding.

PS 5/15 REFERATSAKER

Møtebehandling:

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vart tekne til vitande.

PS 6/15 TERTIALRAPPORT PER 01.01.2015.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Komite for Helse og omsorg - 19.03.2015

Saka vert tatt til vitande.

PS 7/15 MISSION POSSIBLE 2015 - BETRE SAMORDNING AV TENESTER FOR BARN I RISIKO PÅ SUNNMØRE - VIDAREFØRING AV PARTNARSKAPET

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 19.03.2015

- 1) Herøy kommune vidarefører partnerskapet *Mission Possible* med sikte på betre samordning av tenester for barn i risiko.
- 2) Rådmannen oppnemnar kommunal kontaktperson for nettverket – frå einingsleiarnivå.
- 3) Eigenandelen på kr 35 736,- (kr 4,- pr innbyggjar og 8.934 innbyggjarar) vert finansiert frå konto 14900 reserveverte bevilgningar/avsetningar ansvar 1011 funksjon 100. Denne kontoen vil då ha ein restsaldo på kr. 4 264,-.
- 4) Finansiering frå 2016 vert å kome tilbake til.
- 5) Kommunen føreset at øvrige aktørar i partnerskapet forpliktar seg til medfinansiering av satsinga.

MØTET SLUTT KL. 17:30

REFERATSAKER

RS 1/15 F-sak 43/15. Særutskrift - Utlysing av stilling for avdelingsleiar ved Myrvåg omsorgssenter F-sak 43/15. Særutskrift - Utlysing av stilling for avdelingsleiar ved Myrvåg omsorgssenter 04.03.2015 00:00:00 Siv Jensen m.fl.

RS 2/15 Detaljreguleringsplan for deler av sjukeheimsområdet - Varsel om oppstart av planarbeid Detaljreguleringsplan for deler av sjukeheimsområdet - Varsel om oppstart av planarbeid 19.01.2015 00:00:00 Egedomsavdelinga m.fl.